

Emne: Kulturmidler
Fra: noreply@kommuneforlaget.no <noreply@kommuneforlaget.no>
Dato: Søndag 1. Mars 2015 22:04 CET
Til: kjersti.wallem@bkkfiber.no <kjersti.wallem@bkkfiber.no>
Svar-til: noreply@kommuneforlaget.no <noreply@kommuneforlaget.no>

Kulturmidler (KF-109A)

Dette er en kvittering for innsendt skjema. Her finner du også referansenummeret til skjemaet. Dette skal påføres eventuelle vedlegg som ettersendes via post.

Vennligst oppgi referansenummer ved eventuelle henvendelser.

Referansenummer: RW5Z4Y

Årsmelding Sagstad Skulekorps 2014

Styret i Sagstad Skulekorps har i 2014 bestått av:

Styreleiar:	Irene Langhelle
Nestleiar:	Elin Storsæt
Kasserar:	Kjersti Wallem
Aspirantansvarlig:	Mariann Tufte/ Elin Storsæt
Sekretær:	Anita I Henanger
Varamedlem:	Rune Nordrik
Varamedlem:	Svein Erik Hatlebrekke

Materialforvaltar: Anita I Henanger

Valgkomitè: Valborg Nes, Norma Vågstøl
(Svein Erik Hatlebrekke erstattar Norma)

Korpsvakter: Anita I Henanger, Valborg Nes,
Atle Sagstad, Svein Erik Hatlebrekke.
Ekstra: Ørjan Storsæt

Juniorkorpsvakter: Elin Storsæt, Gullborg Kolstad, Valborg Nes,
Norma Vågstøl

Interne Revisor: Elin Storsæt.

SAGSTAD SKULEKORPS

Korpset har 14 aktive korpsmedlemmer og 9 juniorar og 2 aspirantar pr. 31.12.2014. Det ble i august etablert et ungdomsråd i korpset som har som oppgåve å bistå dirigent med val av musikkstykket.

Korpssets dirigent:

Fram til juni 2014 var Håvar Olsen dirigenten.
I august 2014 vart Lise Herland tilsett som ny dirigent.

Instruktører

Me har hatt følgjande instruktører i denne perioden:

Messing:	Ole Kristian Bonden
Treblås :	Håvar Olsen t.o.m. juni, f.o.m. august Lise Herland
Trommer/slagverk:	Tor Helge Opdahl

Korpssets tillitsvalte: Korpset har i året som har gått ikkje hatt tillitsvalt.

Øving:

I 2014 har det vært øving for korpset kvar torsdag frå kl. 1800 til kl. 2000 med framømte kl. 1745. Korpset har hatt fast øving i musikkrommet ved Sagstad Skule.

Dei yngste musikantane har også fått ein individuell time per veke gjennom heile året. Aspirantøvingane har i hovudsak gått føre seg på tysdagar og onsdag. Frå august av har det vore juniorkorps, dei har hatt øving kvar onsdag og vorte dirigert av Ole Kristian Bonden.

Resultat i konkurransar:

I forbindelse med årets deltaking i Hordablæsten fekk SSK 90 poeng og en kjempebra 6. plass i 3. divisjon janitsjar

På årets Mangerfestival stilte Sagstad skulekorps saman med Rosslund Skulekorps. Her fekk dei 89 poeng og dermed en velfortent 3-plass i janitsjarklassen og pokal.

Styrets arbeid:

Styret har i inneverande periode helde ein del styremøte. Styret har i tillegg jobba en del på telefon og e-post. Det har i perioden vorte helde eit foreldremøte for musikantane og eit for juniorane.

Rekruttering:

Det vart 3. oktober arrangerte rekrutteringskonsert på Sagstad Skule. Her inviterte me 3 og 4 klasse. Både musikantar frå hovudkorpset og juniorkorpset deltok. Dirigenten for hovudkorpset Lise Herland og dirigenten for juniorkorpset Ole Kristian Bonden var med. Me haldt heile konserten sjølv utan deltaking frå NMF.

Politiattest: Retningslinjer har vært vidareført i perioden.

Økonomi:

Av regnskapet går det fram at den største kostnaden er knytt til opplæring av aspirantar og musikantar. Deretter kjem kostnadar knytt til deltaking i arrangement, samt korpstur.

Når det gjelder inntektene, så får korpset størstedelen av sine inntekter frå dugnad og ulike arrangement som do/tørkepapir sal, 17.Mai arrangementet, annonsesal til en 2 siders annonse i avisa Nordhordland samt basar og lynlotteri.

Resterande inntekter kjem i form av ulike kommunale midlar, midlar frå Noregs Musikkorps Forbund (NMF) samt støtte frå private føretak som styret har søkt på. Korpset får også ein del tippemidlar i form av Grasrotandelen og styret retter ein takk til dei som har tilgodesett SSK med sin Grasrotandel.

Kontingenten har i år vorte justert, den er no på kr. 900,- pr. halvår for musikantane og juniorane og kr. 600,- pr. halvår for aspirantane

Utstyr:

Styret startet i 2014 opp Prosjekt "**Fornyning av instrumentpark**". Korpset har framleis behov for å kjøpa nye instrument, og styret fortsetter prosjektet i 2015. Korpset har i året som har gått kjøpt ein ny tuba kor deler av midlane kom frå NMF's instrumentfond, deler fra kommunale tilskud samt støtte frå private føretak som styret har søkt på.

I tillegg har me kjøpt ei kornett av Manger Musikklag samt at det har og vorte gjennomført ein del nødvendige reparasjonar og vedlikehald av eksisterande instrument. Korpset har framleis behov for å kjøpa nye instrument.

Aktivitetar:

Det er i år blitt gjennomført ein runde med sal av do/tørkepapir (vår)

Det vart i april gjennomført annonsesal for Avisa Nordhordland. Dette var ei 2 sides annonse som me fekk i 2010 for å vera med å selja abonnement for avisa.

Den 3 årlige prøveordning knytt til avvikling av 17.Mai arrangementet vart sett i verk i 2013 og vidareført i 2014 kor me hadde ansvaret for leikane i ringen. Det vart eit veldig vellykka arrangement.

Dei viktigaste aktivitetane for musikantane har vore oppkjøring og deltaking i Hordablæsten og Mangerfestivalen, samt korpsturen før sumarferien. Det blei i tillegg gjennomført ei sumerkonsert med Rosslund Skulekorps og Alversund Skulekorps. Den 16. mai hadde korpset en minikonsert på Sagstad Skule ifm. grunnlovsjubileet (i skoletiden).

I årets Mangerfestival deltok Sagstad Skulekorps saman med Rosslund skulekorps. Korpsturen i år gjekk til Geilo og var saman med Alversund Skulemusikkorps. Det var ein veldig vellukka tur der juniorkorpset fekk vera med.

Junior korpset deltok i år på Eikanger Bjørsvik seminaret og gjennomførte i tillegg en rekrutteringskonsert på Grasdal Skule.

Dei hadde også eget konsertinnslag på basaren og julegateåpninga på Frekhaug Senter.

Under Mangerfestivalen deltok juniorkorpset på aspirantseminaret.

Musikantane har deltatt på følgjande aktivitetar i inneverande periode:

- | | |
|-----------------------|--|
| ➤ 08.01.14 | Oppstart etter nyttår |
| ➤ 06.02.14 | Dopapirsal |
| ➤ 19.02.14 | Årsmøte, Sagstad Skule |
| ➤ 08.03.14 - 09.03.14 | Seminar på Grasdal Skule |
| ➤ 15.03.14 - 16.03.14 | Hordablæsten |
| ➤ 10.04.14 | Påskelotteri |
| ➤ 17.05.14 | 17. mai spilling |
| ➤ 24.05.14 | Markering av minnesmerke av Ivar Aasen |
| ➤ 05.06.14 | Open skule |

➤ 12.06.14	Sumarkonsert i Meland musikkhall m/andre korps
➤ 20.06.14– 22.06.14	Korpstur til Geilo
➤ 21.08.14	Oppstart etter sommar ferien
➤ 03.10.14	Rekrutteringskonsert v/Sagstad Skule
➤ 19.10.14	Basar, Meland Aktiv
➤ 25.10.14 – 26.10.14	Hautseminar m/Rosslund på Rosslund Skule
➤ 15.11.14	Mangerfestivalen
➤ 28.11.14	Spilling på julegate-opning v/Frekhaug Senter
➤ 18.12.14	Konsert på sjukeheimen, deretter Juleavslutning
➤ 24.12.14	Speling på julegudsteneste i Meland Kyrkje

I året som har gått har det vore følgjande komitear :

- 17. Mai komité
- Basar komité
- Tur komité
- Seminar komité


Sluttkommentar:


Sagstad Skulekorps er et korps i musikalsk framgong, held stand i forhold til antal medlemmar. Det er viktig for Meland som vekstkommune å ha eit alternativt tilbod til born og unge i alderen 8 – 18 år og me meiner at korpset er et positivt og kreativt tilbod til nettopp denne aldersgruppa.

Sagstad Skulekorps må difor fortsett drive aktiv rekruttering av nye medlemmar og ikkje minst gjera korpset så attraktivt som mogeleg – slik at musikantane beheld spegleda i mange år framover.


Styret vil takke musikantar og dirigentar, aspirantar og instruktørar samt føresette for eit flott korpsår og ønskjer det nye styret lykke til med vidare drift!

Meland 05 / 03 - 2015


Irene Langhelle
Styreleiar


Kjersti Wallem
Kasserar


Anita I Henanger
Sekretær


Elin Storsæt
Nestleiar


Mariann Tufte/ Elin Storsæt
Aspirantansvarlig